

Lindås kommune, postmottak@lindas.kommune.no –

22. september 2014

Innspel til områdeplan for Knarvik sentrum - referanse 14/1135.

Eit overordna mål i kommunedelplanen som gjeld utvikling av Knarvik sentrum er å " Leggje til rette for større variasjon i kultur- og fritidstilbod", og dette bør områdeplanen konkretisera. Vi reagerer på at det i saksframleggget for områdeplanen ikkje er sett av plass til eit eige kulturhus i Knarvik. Det som er sagt om kulturhus i planen, er både uklart og lite målretta. Det er tenkt eit bygg (tomt på 7 mål) der "Turistinformasjonen" står no. Dette arealet er " ynskt som mogleg nytt hotell eller kulturhus" (side 41 i planomtalen).

Som medlemmer i frivillige organisasjonar ynskjer vi å seia klart frå om at det må setjast av areal til eit eige kulturbygg i Knarvik, eit bygg som kan romma ei rekke kulturaktivitetar, og som er særskilt utforma for det formålet.

Underskrive av:

Karin Monstad, styremedlem Alversund mållag

Steinar Kåre Dale, leiar Nordhordland fotoklubb

Marit Aase, leiar F.I.L. AKS-77

Kjersti Hodnekvam, leiar Songlaget Alvidt/Manger

Randi Træland Hella, leiar Knarvik skulekorps

Einar Vatne, leiar Musikkens venner Nordhordland

Silje Namtvedt, leiar Nordhordland folkeakademi

Sigurd Gjelsvik, leiar Knarvik gammaldanslag

Einar Vaage, leiar Eikanger-Bjørsvik musikkklag

Svein Leiknes, president Nordhordland Rotaryklubb

Inger-Helen Midtgård, leiar Alversund mållag

Vibeke Døsvik Haukeland, leiar Nordhordland turlag

Gunn Hosøy, leiar Knarvik idrettslag